

FYLKESPROGRAM 1999

FOR SOGN OG FJORDANE RAUD VALALLIANSE

1. MED FOLKET - MOT MAKTA !

RV er eit sosialistisk parti. RV er for eit fleirpartisystem med ytringsfridom og eit demokrati der fleirtalet bestemmer. I dagens system dominerer dei som eig kapitalen. Deira rettesnor er profitten, og ikkje omsynet til menneske, miljø og fellesskap.

RV er også eit revolusjonært parti. Så lenge borgarskapet, dei som eig kapitalen, opprettheld si makt, kan ikkje RV sin måte å organisere samfunnet på verte realisert.

Ein overgang til eit sosialistisk samfunnssystem vil vere mogeleg når folkefleirtalet ønskjer det. Eit slikt systemskifte kan gå fredeleg føre seg dersom borgarskapet godtek demokratiske spelereglar . RV forsvarar folkefleirtalet sin rett til også med valdelege middel å stanse borgarskapet sitt valdsapparat i ein situasjon der fleirtalet ønskjer ei sosialistisk samfunnsendring.

INNHALD I DEMOKRATIET

RV vil styrkje den folkevalde makta. Makta i kommunestyre, fylkesting og Storting vert no særleg undergraven gjennom EU/ EØS- systemet. (Kort forklaring med nokre punkt : Makt vert flytta frå Storting til Bryssel/EU-organ. Kommisjonen og EU-byråkratiet har ein større del av heile makta enn regjering og statsbyråkrati har i Noreg - og det folkevalde EU- parlamentet har relativt mindre makt enn det folkevalde Stortinget har i det norske systemet. Storselskapa sine lobbyistar når lettare fram med sine ønskje enn folkelege organisasjonar.)

RV er mot nedskjering i talet på representantar i kommunestyre og fylkesting. Desse organa må vere mest mogeleg representative for folk sine interesser. RV er mot styrkinga av heildagspolitikarar i desse systema. Folkevalde representantar må få gode arbeidstilhøve, mellom anna med fri frå jobb når det trengst og med dekking av tapt arbeidsforteneste.

Budsjettprosedyrar og møte i alle slags offentlege utval må vere så opne at pressa og ålmenta kan få tilgang til informasjon om kva som skjer så tidleg i prosessane at ulike organisasjonar kan få grunnlag til å påvirke (personleg følsomme opplysningar skal sjølvstøtt skjermast).

RV stør rettane folk har gjennom offentlegheitslova og ser med bekymring på framlagde EU-direktiv som vil undergrave/ svekke den.

2. KOMMUNAL ØKONOMI

STEINRIK STAT - GJELDSTYNGDE FYLKE/ KOMMUNAR

RV utfordrar dei andre partia til å ha same syn på offentlig økonomi i kommunestyre/ fylkesting som på Stortinget. På Stortinget vedtek eit klart fleirtal slike økonomiske rammer at dei økonomiske vanskane i fylka/ kommunane veks. Staten flyt over av pengar. Noreg treng eit opprør mot Stortinget, som prioriterer at den norske staten skal investere i profittjakt i utlandet framom å løyse fellesbehov for vanlege folk i Noreg.

RV går inn for ein kraftig auke i inntektene til fylka og kommunane, slik at dei kan greie å løyse

fellesoppgåvene dei er pålagde på forsvarleg vis. Ein større del av verdiskapinga må gå til offentleg sektor.

DET OFFENTLEGE SIN DEL AV BNP

Den offentlege forvaltningsa i Noreg har fått ein mindre og mindre del av brutto nasjonalproduktet :

1992 - 52 %, 1995 - 47,7 % og 1998 - 43 % (gjennomsnitt for EU 1997 - 48 %).

OPPSAMLING AV RIKDOM HJÅ STATEN OG PRIVAT STORKAPTAL

Dei 100 rikaste auka den bokførte eiga si frå 60 - 70 milliardar i 1990 - 1993 til 139 milliardar i 1998. Storparten av auken tek dei ut som aksjeutbyte. Staten har i 1999 520 - 530 milliardar i nettofordringar. Berre oljefondet er venta å auke med 63 milliardar i 1999.

(Men fylka og kommunane har i 1999 40- 45 milliardar i nettogjeld.)

AUKA SKATT PÅ KAPITALINNTEKTER - MINDRE PÅ VANLEGE FOLK

RV vil skattleggje kapitalinntekter etter same satsar som arbeidsinntekter.

Det vil gje 40 milliardar som kan brukast i offentleg sektor.

RV vil redusere skattar og avgifter som rammar breitt og ugradert, og vil til dømes ha vekk eigendelar på ymse tenester folk treng, så som heimehjelp og legekonsultasjonar.

3. PRIVATISERING

Landsmøtet til Norsk Kommuneforbund vedtok i 1998 : " Hele landet står no foran en avgjørende kamp om hvordan samfunnet skal se ut i framtida. Kampen mot privatisering og konkurranseutsetting - uansett tjenesteområde - er et forsvar for velferdsstaten, for rettferdig fordeling. "

RV stør heilharte det NKF sitt syn og analyse her - og stør den fronten NKF vil gå i spissen for å bygge.

Sjukehus, skule, post osv. skal drivast for å tene folket, ikkje for å tene mest mogeleg pengar.

Med offentleg drift kan folk presse politikarane med krav om kvalitet på tenestene og krav om gode arbeidsvilkår for tilsette. Dersom private firma skal tilby billegare drift enn det offentlege sjølv kan utføre arbeidet for, trass i at eigarane i tillegg til driftskostnadene også skal ha sin profit, så må stordelen av marginen kome frå at dei pressar arbeidarane sine hardare på løns- og arbeidsvilkår.

OFFENTLEG SEKTOR = ARBEID FOR KVINNER

Kvinner gjer storparten av omsorgsarbeidet i Noreg - gratis i heimane. Mange kvinner har i dag lønsarbeid i offentleg omsorgssektor. Om vi får ei svekking eller ei utbygging av dei offentlege sektorane er difor ekstra viktig for kvinnene. RV er for ei vidare utbygging - i offentleg eige.

SØRENSEN-UTVALET SI INNSTILLING

Sørensenutvalet opnar for fristilling av sjukehus; at sjukehus kan bli egne rettssubjekt med ulik grad av fristilling frå politisk styring ; kommunalt selskap, aksjeselskap eller stifting.

Dette vil redusere offentleg politisk styring og innsyn i drifta.

Kronikarar , revmatikarar, hjarte- og lungesjuka og eldre, kan då lett bli nedprioriterte for meir " lønsame pasientar ". Meir marknadsstyring og mindre politisk styring vil meir enn no suge ekspertane ut av distrikta, og gjere det vanskelegare å oppretthalde ein desentralisert sjukehusstruktur.

RV ser fristilling som første etappe mot privat eigarskap og profittbasert drift av sjukehusa - og undergraving av velferdsstaten. Fylke og stat må eige sjukehusa, og ansvaret for drift og kvalitet må liggje i det folkevalde politiske systemet.

UTVIKLING AV OFFENTLEG SEKTOR

RV vil tilføre midlar/ satse på utvikling, kvalitetssikring og effektivisering av drifta i offentleg sektor. Samfunnsendringar krev ein betre offentleg sektor.

OFFENTLEG EIGEDOM

Fellesskapet har spart opp store verdiar gjennom eige av kraftverk/ energiverk. Dette er evigvarande pengemaskinar. RV avviser sal av desse økonomiske godbitane til private interesser.

4. VELFERD

6 TIMAR NORMALARBEIDSDAG

RV krev 6-timars normalarbeidsdag - med full lønnskompensasjon. Det vil seie at 100 % jobb er 5 arbeidsdagar kvar på 6 timar (30 timars veke). (Full lønnskompensasjon vil seie at løna ikkje skal reduserast når arbeidstida vert redusert). Dette vil redusere arbeidsløysa, gjere livet lettare for deltidsarbeidande og lette stresset for mange folk. Særleg mange kvinner arbeider deltid. 6-timarsdagen vil styrkje kvinner i arbeidsmarknaden, vil styrkje pensjonsrettane deira og styrkje likestillinga i arbeidslivet. Og det vil gje mange auka overskot til å delta meir aktivt i kulturliv, idrett og politikk.

HELSE OG SOSIALPOLITIKK

RV sin politikk byggjer på solidaritet og likeverd. Berande prinsipp er lik rett og tilgang til sosial tryggleik for alle uavhengig av bakgrunn, bustad, etnisitet og kjønn.

Også helse- og sosialsektoren er truga av privatisering. Rv er for ein sterk velferdsstat. Det krev at det offentlege eig og styrer dei sentrale velferdsordningane. Staten har pengar og må få auka ansvar for folks velferd. Helse- og sosialtenester skal vere gratis - vekk med eigendeler. Brukarar med kroniske og omfattande hjelpebehov må skjermast.

RV vil i komande valperiode prioritere :

- Utbygging av tenestetilbodet til menneske med psykiske lidningar.
- Utvikling av Barne- og ungdomspsykiatrien.

- Auka satsing på barnevernet.
- Førbyggjande og rehabiliterande arbeid for rusmiddelmissbrukar.

BUSTADPOLITIKK

RV vil ha offentleg satsing på sosial bustadpolitikk. Bukostnadene med eit nytt 3-roms husvære skal ikkje overstige 25 % av gjennomsnittleg industriarbeidarløn. Styrking av husbanken, som skal yte rimeleg finansiering.

Det må byggjast langt fleire bustader pr. år.

MOT RUSMISBRUK OG RUSMIDDELSKADAR

Rusmiddel har vorte brukt til å undertrykkje folk gjennom heile menneskehistoria. Folk som rusar seg for å kome bort frå problema sine, gjer ikkje opprør mot det som skaper problema. Rusmiddelbruken påfører samfunnet og enkeltpersonar store problem.

Både den legale og den illegale ruskapitalen tener godt på å auke rusbruken i folket, og dermed på å øydeleggje liva for fleire og fleire.

RV stør ut frå dette ein restriktiv alkoholpolitikk/ rusmiddelpolitikk.

RV vil styrkje førbyggjande arbeid ; som å arbeide for gode oppvekts- og livsvilkår

RV kjempar mot legalisering av narkotiske stoff.

5. SKULE OG UTDANNING

LIK RETT TIL UTDANNING ER EIT HOVUDPRINSIPP FOR RV

Reform 94 gjev 16-19 åringar rett til vidaregåande skule. Også eldre ungdomar og vaksne må få same retten. Talet på elevplassar i vidaregåande skule må aukast slik at det er plass til alle.

GRATIS LÆREMIDDEL

RV er for gratis lærebøker og andre læremiddel.

RV seier nei til utlånsordning. Ei utlånsordning kan undergrave bokhandlar, særleg i distrikta, og kan også gjere det vanskeleg å få oppdaterte bøker, slik vi ser i grunnskulen.

Stipend må dekkje fullt ut kostnader med lærebøker og naudsynt utstyr (utstyr gjeld særleg yrkesfaglege elevar) for alle elevar - utan noka behovsprøving opp mot til dømes foreldreøkonomi.

RV er imot reklamesponsing/ reklamefinansiering av skulebøker.

All skuleskyss skal vere gratis .

Elevar i vidaregåande skule betaler kopiavgifter for kopiar som vert klassifiserte som læremiddel. RV vil ta bort desse kopiavgiftene.

IKT (informasjons- og kommunikasjonsteknologi)

Padagogiske opplegg må utviklast med grunnlag i at IKT skal integrerast som arbeidsreiskap i alle fag.

Skulen må særleg leggje vekt på å utvikle IKT- bruken slik at jenter tek IKT i bruk i same grad som gutar.

VAKSENOPPLÆRING

Vaksenopplæringa vert berre meir og meir viktig med eit samfunn og eit arbeidsliv i rask endring. Den vidaregåande skulen må styrkjast vesentleg slik at den kan bli den viktigaste delen i vaksenopplæringa. Skulane må bli kompetanse- og ressurscenter for så vel det private næringslivet som for offentleg sektor. Auka satsing på kompetanseheving vil motvirke at folk vert skvisa ut på grunn av auka krav.

RV vil ha auka satsing på etter- og vidareutdanning for lærarar.

6. KULTUR

NRK må oppfylle påbodet om 25 % av programma på nynorsk, og statsforvaltninga må auke nynorskbruken.

RV er for tiltak som styrkjer og utviklar folk sin kultur og tradisjon.

Det er også viktig at nasjonale minoritetar får utvikle sine kulturelle særdrag i Noreg.

RV ser også kulturutveksling mellom folk og nasjonar som viktig.

Biblioteka må styrkjast og utbyggjast med IKT- utstyr og IKT- kompetanse til å kunne fungere som servicesenter for einskildpersonar, skuleverket og organisasjonar.

7. EØS- AVTALEN SVEKKJER DISTRIKTS- NOREG

EU er eit statssystem der lover og økonomiske rammer vert laga med eit overordna mål ; Å gje storkapitalen betre og betre ordningar slik at dei sterkaste på marknaden kan vekse og styrke seg på verdsmarknaden. EU- tilpasninga har ført til eit sterkt åtak på distrikts- Noreg. EØS- avtalen, EU- medlemskap og tilpasning til GATT sine reglar for fri omsetnad av jordbruksprodukt vil aksellerere svekkinga av distrikta.

EØS gjer differensiert arbeidsgjevaravgift som distriktpolitisk virkemiddel ulovleg. Det er ein føresetnad for å kunne føre ein nasjonal økonomisk politikk med eit mål om eit livskraftig distrikts- Noreg at vi held oss utanfor EU og melder oss ut av EØS.

EU/ EØS overfører vedtaksrett frå Stortinget til Bryssel, med eit byråkratisk og politisk system som er mykje lettare å påvirke/ presse for storkapitalen sine lobbyistar enn for folkelege organisasjonar. EU/ EØS svekkjer det norske demokratiet.

EU er eit dårleg system for folkefleirtalet også i EU- landa.

RV stør difor samarbeid med EU-motstandarar også i EU-landa, og driv sjølv slikt arbeid.

STOPP AVFOLKINGA - FOR EIT LIVSKRAFTIG DISTRIKTS- NOREG

Malmar, kraft, fisk og olje vert produsert i distrikta, men ein stor del av inntektene går til storkapitalen i bank og finans. Verdistraumen går frå utkant til sentrum. Distrikta må behalde ein større del av verdiskapinga og såleis få eit sterkare økonomisk grunnlag for busetjinga der. Sterke lokalsamfunn der folk har kontroll over ressursane og verdiskapinga, er også den beste garantien mot miljørasering, og for eit demokrati der folk har makt over sitt eige liv. RV er for politisk styring med posten - og imot nedlegging av postkontor.

8. PÅ LAG MED NATUREN

RV kjempar for eit samfunnssystem grunnlagt på økologisk forsvarleg forvaltning av naturressursane. Det biologiske mangfaldet og livsgrunnlaget for framtidens generasjonar må sikrast.

- I dette samfunnet er dei viktigaste produksjonsmidla underlagt demokratisk styring.
- Det materielle forbruket i den rike verda må reduserast drastisk.
- RV vil redusere olje- og gassproduksjonen.

9. EIT ØKOLOGISK OG STERKT NORSK LANDBRUK

Bønder opplever nedgang i arbeidsinntekter og sakkar økonomisk etter andre yrkesgrupper. Dette svekkjer bygde- Noreg.

Landbruket i Sogn og Fjordane er eit småskalalandbruk. Stønadsordningar må fremje kombinasjonsdrift. Det må skapast eit økologisk landbruk som tek vare på og nyar opp att jorda, og ikkje forgiftar verken jorda eller maten. Landbruket må leggjast om til produksjon med mindre bruk av kunstgjødsel, kraftfor og antibiotika.. RV vil auka støtta til omlegging til økologisk drift.

Landbruket er viktig som grunnlag for busetjing i heile fylket.

RV er imot å auke konsesjonsgrensa frå noverande grense, 5 mål. Buplikta må ikkje rørast. Fritt sal utan bu- og driveplikt vil føre mange små gardar over til feriestader for kjøpesterke grupper. Sal av jordbrukseigedomar må vere innretta på å sikre busetjing på bruket og i lokalsamfunnet.

10. FORSVAR EINSIDIGE INDUSTRISTADER

Ein stor del av industrisysselsetjinga i Sogn og Fjordane er knytt til den kraftkrevjande industrien i Høyanger, Svelgen og Årdal. Eigarane, Hydro og Elkem, tel på knappane om desse industristadene skal satsast på. Grunngevinga er kraftmangel og kraftprisar. Reell bakgrunn er at utanlandsinvesteringar er meir profitabelt.

RV krev at Hydro og Elkem sikrar arbeidsplassane i Høyanger, Svelgen og Årdal. Styresmaktene må tildele naudsynt fornybar kraft til prisar tilsvarande det konkurentane har. Mykje av krafttildelinga kan skje gjennom ENØK i den norske energiforsyninga og i verksemdene sjølve. Det må satsast på auka foredling i Noreg av råvarene frå desse verksemdene.

11. MOT ALL RASISME - FOR EIT FLEIRKULTURELT

SAMFUNN

RV er eit anti-rasistisk parti.

Det skal vere full religionsfridom og meiningsfridom.

RV vil lette innvandringa til Noreg; innvandringsstoppen må opphevast. Noreg må godkjenne eit utvida flyktningeomgrep, som også omfattar økonomiske, økologiske og religiøse flyktningar, og dei som vert forfølgde på nasjonalt grunnlag eller på grunn av etnisk reinsing.

12. FOR INTERNASJONAL SOLIDARITET OG FRIGJERING

RV stør kampane mange folk fører kring i verda for demokrati, miljø og sosial rettferd for folkemassane.

Alle nasjonar har same rett som vi til nasjonalt sjølvstyre, og til å velje korleis dei skal organisere sitt politiske system.

RV stør folk som reiser seg mot nasjonal undertrykking.

Det er viktig for folk også i Sogn og Fjordane korleis norske økonomiske interesser oppfører seg kring i verda.

Den norske staten og norske storselskap investerer i aukande grad i utnytting av arbeidskraft og naturressursar i andre land. RV stør kampane folk i desse landa reiser for skikkelege løns- og arbeidsvilkår, og for at utanlandske investeringar skal ta omsyn til naturen etter same strenge retningslinjer som vi har i Noreg.